

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Høyring - Forslag til forskriftsendringar for meir effektiv felling av jerv

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker	019/15	18.03.2015	Geir Johan Groven

Saksansvarleg	Arkiv	Arkivsaknr.	15/21
Geir Johan Groven	K47	Journalpost	15/2933

Vedlegg:

1. Forslag til forskriftsendringar for meir effektiv felling av jerv, høyringsnotat frå Klima- og miljødepartementet 20.02.2015.

Oppsummering av saka:

Klima- og miljødepartementet (KMD) har sendt på høyring forslag til forskriftsendringar for meir effektiv felling av jerv. Rådmannsleiinga tilrår at det blir prøveordning i Oppland fram til og med 15.2.2018, når det gjeld bruk av fast montert kunstig lys ved åtejakt på jerv, bruk av snøscooter på vinterføre for transport til og frå jervbåsar i samband med tilsyn, bruk av kameraovervaking av fangstbåsar for jerv og bruk av laus, på drevet halsande hund på jerv.

Rådmannsleiinga tilrår konkret Midt-Gudbrandsdal (Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu) som prøveområde i Oppland, men at endeleg avgrensing av prosjektområde skal skje i samråd med Fylkesmannen i Oppland. Ein tilrår og at det blir innført generell tilgang til å søkje om løyve til bruk av snøscooter når det gjeld utkjøring av åte, åtebu og jervbåsar i samband med felling av jerv.

Bakgrunn for saka:

Link til Forskrift av 22.03.2002 nr. 313 om utøvelse av jakt, felling og fangst:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2002-03-22-313?q=ut%C3%B8velse+av+jakt+felling+og>

Link til Forskrift av 15.5.1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1988-05-15-356?q=motorkj%C3%B8ret%C3%B8y+p%C3%A5+islagte+vassdrag>

Link til Lov av 29.5.1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (Viltlova):

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-05-29-38?q=viltlov> Link til Lov av 19.6.2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfaldlova):

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100?q=naturmangfold>

KMD har sendt på høyring forslag til forskriftsendringar for meir effektiv felling av jerv. Hovudverkemiddelet for regulering av bestanden av jerv er lisensfelling, men generelt ser ein at verkemiddelet aleine ikkje er effektivt nok. KMD viser til at ein stor del av uttaket av jerv skjer gjennom hiuttak. Hiuttak er ein fellingsmetode som er kontroversiell, samstundes som den er krevjande både i forhold til menneskelege og økonomiske ressursar. Det er derfor eit mål å redusere omfanget av hiuttak, og i staden effektivisere lisensfellinga.

KMD diskuterer i høyringsnotatet tiltak som kan effektivisere lisensfellinga av jerv, og som gjeld:

1. Bruk av kunstig lys ved åtejakt på jerv.
2. Bruk av snøscooter til uttransportering av åte, åtebu og jervbås, samt ved tilsyn med jervbås.
3. Bruk av kameraovervaking/elektronisk overvaking av fangstbås for jerv.

Konkret føreslår KMD ny § 29a i Forskrift av 22.03.2002 om utøvelse av jakt, felling og fangst. Vidare føreslår KMD ny § 6a, samt endring av § 7 i Forskrift av 15.5.1988 for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag. I tillegg omfattar høyringsnotatet retting av feil i viltlova § 35 i forhold til gjeldande regelverk, jf. naturmangfaldlova § 18. Høyringsfristen er sett til 7.4.2015.

Rådmannsleiinga si vurdering:

Rådmannsleiinga vil i si vurdering ta utgangspunkt i Prosjekt for meir effektiv lisensfelling av jerv i Oppland, som blei sett i gang vinteren 2014/2015. Prosjektet er initiert av Rovviltnemnda i Oppland og Fylkesmannen i Oppland, og byggjer på tilsvarende modell som for prosjektet som har vore/blir gjennomført i Nordland, dvs. åtebuer med viltkamera/åtevarslar. Fylkesmannen i Oppland har engasjert Tom Rune Engen som prosjektleiar, og prosjektet er finansiert gjennom FKT-middel. Fylkesmannen i Oppland sin kontaktperson er Erik Sandberg.

Kommunane i Midt-Gudbrandsdal (Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu) har eit formalisert samarbeid når det gjeld rovviltforvaltning, også når det gjeld jervprosjektet i Oppland. Midt-Gudbrandsdal har seks åtebuer knytt til prosjektet, to i kvar kommune. Det er oppretta lag på 6-10 personar som bemannar åtebuene i lisensfellingsperioden for jerv.

Bestandsmålet for jerv i Oppland er 4 ynglingar, og det blei i 2014 dokumentert 7 ynglingar. Det blei i lisensfellingsperioden for jerv i 2014/2015 teke ut 9 dyr av ei kvote på 12 dyr i Oppland, derav 8 hanndyr og 1 hodyr. Rådmannsleiinga viser til at Oppland er landets største beitefylke, samt at bestanden av jerv i Oppland ligg vesentleg over bestandsmålet. Det er svært viktig for beitenæringa i vårt distrikt at bestanden av jerv blir forvalta i forhold til vedteke bestandsmål, slik at ein unngår omfattande skader på sau i betesesongen.

1 - bruk av kunstig lys ved åtejakt på jerv

Det blir føreslege som ei prøveordning fram til og med 15.2.2018 at fast montert kunstig lys ved åtejakt på jerv kan nyttast i utvalte prosjektområde i Sogn og Nordland. Rådmannsleiinga viser til jervprosjektet som er sett i gang i Oppland, og kor det ligg svært godt til rette for at fast montert kunstig lys kan prøvast ut i samband med etablerte åtebuer/åteplassar.

Rådmannsleiinga tilrår at Oppland i tillegg til Sogn og Nordland, blir med i prøveordninga fram til og med 15.2.2018 når det gjeld bruk av fast montert kunstig lys ved åtejakt på jerv. Konkret tilrår ein Midt-Gudbrandsdal (Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu) som prøveområde i Oppland. Endeleg avgrensing av prosjektområde skal skje i samråd med Fylkesmannen i Oppland.

2 - bruk av snøscooter til uttransportering av åte, åtebu og jervbås, samt ved tilsyn med jervbås

Uttransportering av åte, åtebu og jervbås:

Rådmannsleiinga støttar KMD sitt forslag om at det blir innført generell tilgang til å søkje om løyve til bruk av snøscooter når det gjeld utkjøring av åte, åtebu og jervbås i samband med felling av jerv.

Tilsyn med jervbås:

Det blir føreslege som ei prøveordning fram til og med 15.2.2018 at det kan nyttast snøscooter på vinterføre for transport til og frå jervbåsar i samband med tilsyn i utvalte prosjektområde i Sogn og Nordland. Rådmannsleiinga viser til jervprosjektet som er sett i gang i Oppland, og meiner at det i samband med prosjektet ligg godt til rette for ei prøveordning med bruk av snøscooter på vinterføre for transport til og frå jervbåsar i samband med tilsyn. Det er i Midt-Gudbrandsdal fleire jervbåsar som ligg utanfor verneområde og nasjonale villreinområde, og som kan inngå i denne type prøveordning.

Rådmannsleiinga tilrår at Oppland i tillegg til Sogn og Nordland, blir med i prøveordninga fram til og med 15.2.2018 når det gjeld bruk av snøscooter på vinterføre for transport til og frå jervbåsar i samband med tilsyn. Konkret tilrår ein Midt-Gudbrandsdal (Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu) som prøveområde i Oppland. Endeleg avgrensing av prosjektområde skal skje i samråd med Fylkesmannen i Oppland.

3 - bruk av kameraovervaking/elektronisk overvaking av fangstbås for jerv

KMD skriv at dei på noverande tidspunkt ikkje ønskjer å ta stilling til om det kan opnast for bruk av kameraovervaking/elektronisk overvaking av fangstbås for jerv, men at dei vil ha høringsinstansane sitt syn på denne problemstillinga.

Kameraovervaking:

Det må stillast krav om at det skal brukast kamera som sender bilete minst to gongar i døgnet til faste tider, dette for å unngå feilkjelder. Ved utelatt bilete/utydeleg bilete må ein inn med fysisk kontroll. Som dokumentasjon på tilsyn skal alle bileta lagrast, og vere tilgjengelege for kontrollar, stikkprøvar og for alle som bruker kameraløysinga. I tillegg må det førast logg som viser tilsyn dei gongane kameraet eventuelt ikkje verkar. Ved bruk av denne løysinga er ein garantert å oppdage teknisk svikt. Det er dessutan ein stor fordel med eit kamera som og sender bilete ved besøk på båsen, enten i same kamera eller eige kamera. Dette gjer at en kan få melding når jerven går i båsen, og snarast mogleg syte for avliving.

Elektronisk overvaking:

Sjansen for å oppdage teknisk svikt er vesentlig mindre enn ved bruk av kameraovervaking. Dersom ein skal prøve ut elektronisk overvaking bør derfor kamera i tillegg vere i bruk.

Rådmannsleiinga tilrår at det blir prøveordning i Oppland fram til og med 15.2.2018 for bruk av kameraovervaking av fangstbås for jerv. Det må stillast krav om at det skal brukast kamera som sender bilete minst to gongar i døgnet til faste tider. Konkret tilrår ein Midt-Gudbrandsdal (Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu) som

prøveområde i Oppland. Endeleg avgrensing av prosjektområde skal skje i samråd med Fylkesmannen i Oppland.

Når det gjeld føreslege endringar i viltlova § 35

KMD viser til at §§ 12, 13 og 14a i viltlova er oppheva, og erstatta av naturmangfaldlova § 18. Det er i den samanheng uheldig at viltlova § 35 viser til dei oppheva §§ 12, 13 og 14a. KMD føreslår såleis at viltlova § 35 blir oppdatert i forhold til gjeldande regelverk, jf. naturmangfaldlova § 18. Rådmannsleiinga har ingen merknader.

Andre innspel til meir effektiv felling av jerv

Nord-Fron kommune og andre har fleire gongar tidlegare søkt om dispensasjon frå viltlova § 23 til å bruke laus, på drevet halsande hund i samband med skadefellingsforsøk i kommunal regi, og i samarbeid med SNO: Sidan KMD no vil sjå på metodar for meir effektiv felling av jerv, meiner rådmannsleiinga at ein på lik line med prøveordning for bruk av kunstig lys og snøscooter, også må få på plass ei prøveordning i forhold til bruk av laus, på drevet halsande hund på jerv.

Rådmannsleiinga kan ikkje sjå at bruk av laus, på drevet halsande hund på jerv er meir kontroversielt enn bruk av snøscooter. Ein trur det er misforstått blant mange korleis denne type hund fungerer. Generelt flytt denne type hund seg mykje saktare enn ein spisshund, slik at tempoet ved forfølging av viltet er lågare. I tillegg losar denne type hund når den ikkje har kontakt med viltet, noko som gjer at viltet til ei kvar tid veit kor hunden er. Dette er ikkje tilfelle med ein spisshund, som er stille til den når igjen viltet. Den store fordelten med denne type hund er at den er spornøye, noko som gjer at den ikkje så lett bytter til anna vilt. Denne type hund er dessutan mykje betre på gamle spor enn ein spisshund, og dette gjer at ein ved funn av eldre spor har større sjanse til å finne viltet.

Det blir den samanheng vist til brev frå KMD datert 21.3.2014. Link til brevet:

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2013-2014/inns-201314-197/5/>

Med erfaring frå vårt distrikt i forhold til bruk av laus, på drevet halsande hund forventar ein positive resultat frå studiane. Dersom desse studiane er avgjerande for om det skal opnast opp for bruk av denne type hund, hadde det vore nyttig at resultatene av studiane blir ferdigstilt så raskt som mogleg, da ein ser på bruk av denne type hund som eit av dei mest effektive verkemidla ein har i forhold til felling av jerv.

I Midt-Gudbrandsdal har ein fleire godt trena ekvipasjar, som er mykje brukt og er svært effektive under gaupejakta, og under jakt i Sverige. Rådmannsleiinga tilrår parallelt med pågåande studiar at det også blir innført prøveordning for bruk av laus, på drevet halsande hund på jerv, eventuelt i samarbeid med SNO. SNO har tidlegare vore involvert i liknande forsøk i samband med skadefelling på bjørn.

Rådmannsleiinga tilrår at det blir prøveordning i Oppland fram til og med 15.2.2018 for bruk av laus, på drevet halsande hund på jerv. Konkret tilrår ein Midt-Gudbrandsdal (Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu) som prøveområde i Oppland, med bruk av 3-4 ekvipasjar. Endeleg avgrensing av prosjektområde skal skje i samråd med Fylkesmannen i Oppland.

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker med slik

Innstilling:

1. Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker tilrår at det blir prøveordning i Oppland fram til og med 15.2.2018 når det gjeld:
 - a. Bruk av fast montert kunstig lys ved åtejakt på jerv.
 - b. Bruk av snøscooter på vinterføre for transport til og frå jervbåsar i samband med tilsyn.
 - c. Bruk av kameraovervaking av fangstbås for jerv. Det må stillast krav om at det skal brukast kamera som sender bilete minst to gongar i døgnet til faste tider.
 - d. Bruk av laus, på drevet halsande hund på jerv.
2. Utvalet tilrår konkret Midt-Gudbrandsdal (Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu) som prøveområde i Oppland, jf. punkt 1a-1d. Endeleg avgrensing av prosjektområde skal skje i samråd med Fylkesmannen i Oppland.
3. Utvalet tilrår at det blir innført generell tilgang til å søkje om løyve til bruk av snøscooter når det gjeld utkjøring av åte, åtebu og jervbås i samband med felling av jerv.
4. Utvalet har ingen merknader til føreslege endringar i viltlova § 35.

Administrasjonssjefen i Nord-Fron
Arne Sandbu

LUM-019/15 18.03.2015 Behandling:

Skogbrukssjefen orienterte om saka.

Terje Sørli la fram følgjande forslag om tillegg til siste setning i pkt. 1. c i innstillinga: *samt ved besøk i båsen.*

Rune Støstad la fram følgjande forslag: *LUM oppmodar Sør-Fron og Ringebu kommunar om å gjera likelydande vedtak.*

Finn Hellebergshaugen la fram følgjande forslag til nytt pkt. 4:

Utvalet har fylgjande merknadar til framlegg på ny § 6a og endring i § 7 i Forskrift av 15.05.1988, nr. 356.

1. *Andre ledd i ny § 6a må reknast som eit påbod/forbod jfr. at det i kvart punktum brukast skal/ skal ikkje.*
2. *Ut frå pkt. 1 blir det da feil å trekkja § 6a inn som ei endring i § 7, i og med at det her blir brukt kan setjast vilkår. Ei endring i § 7 kan etter dette utelatast.*

Linda Myromslien la fram forslag om at merknaden frå Finn Hellebergshaugen ikkje blir lagt inn i innstillinga, men at administrasjonen får fullmakt til å redigere merknaden, og at den blir lagt med som eit vedlegg til saka.

Linda Myromslien foreslo at forslaget frå Rune Støstad ikkje blir med i innstillinga, da vedtak i saka frå LUM vil bli sendt til Sør-Fron og Ringebu kommunar.

Rune Støstad trekte etter dette forslaget sitt.

Forslaget frå Terje Sørli vart samrøystes vedteke.

Forslaget frå Linda Myromslien angående merknad frå Finn Hellebergshaugen vart samrøystes vedteke.

Innstillinga elles vart samrøystes vedteke.

LUM-019/15 18.03.2015 Vedtak:

- 1 Utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker tilrår at det blir prøveordning i Oppland fram til og med 15.2.2018 når det gjeld:
 - a. Bruk av fast montert kunstig lys ved åtejakt på jerv.
 - b. Bruk av snøscooter på vinterføre for transport til og frå jervbåsar i samband med tilsyn.
 - c. Bruk av kameraovervaking av fangstbås for jerv. Det må stillast krav om at det skal brukast kamera som sender bilete minst to gongar i døgnet til faste tider, samt ved besøk i båsen
 - d. Bruk av laus, på drevet halsande hund på jerv.
- 2 Utvalet tilrår konkret Midt-Gudbrandsdal (Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu) som prøveområde i Oppland, jf. punkt 1a-1d. Endeleg avgrensing av prosjektområde skal skje i samråd med Fylkesmannen i Oppland.
- 3 Utvalet tilrår at det blir innført generell tilgang til å søkje om løyve til bruk av snøscooter når det gjeld utkjøring av åte, åtebu og jervbås i samband med felling av jerv.
- 4 Utvalet har ingen merknader til føreslege endringar i viltlova § 35.